Solhaugen Barnehage

Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

# Årsplan for Solhaugen barnehage 2018-2019



E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

# Innhald

Innleiing....................................................................3
Prioriteringar i dette barnehageåret med utgangspunkt i rammeplanen....................................................................5
Barnehagens verdigrunnlag, formål og innhald ......................5
Målsettingar dette barnehageåret......................................5
Slik jobbar vi for å nå desse måla. ...................................5
Medverknad og samarbeid ................................................5
Målsettingar dette barnehageåret......................................6
Slik jobbar vi for å nå desse måla: ...................................6
Overgangar....................................................................6
Målsettingar dette barnehageåret......................................6
Slik jobbar vi for å nå desse måla: ...................................6
Barnehagen som pedagogisk verksemd ...............................7
Målsettingar dette barnehageåret: ...................................7
Slik jobbar vi for å nå desse måla: ...................................7
Barnehagens arbeidsmåtar og fagområda .............................8
Målsettingar dette barnehageåret: ...................................8
Slik jobbar vi for å nå desse måla: ...................................8
Barnehagens tradisjonar/lokale kulturelle tilstellingar.............9



E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

# Innleiing

Solhaugen barnehage har ein samarbeidsavtale med Lindås kommune og skal arbeide med felles områder som DUÅ og Språkløypen.
Ut i frå dette lages ein plan for arbeidet med DUÅ og Språkløypen for inneverande barnehageår.

I 2017 kom det ny rammeplan og den skal implementerast i vårt arbeid med årsplan og i arbeidet på avdelingane.

Som verktøy i dette arbeidet brukar vi Utdanningsdirektoratet sine refleksjonsspørsmål og videoar på personalmøta (https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan ), og vi brukar Språkløypas arbeidsmetodar for refleksjon og felles forståing (http://sprakloyper.uis.no/).

Som satsingsområde har vi:
Leik som hovudområde og sosial kompetanse, språk, kosthald og helse som delområde.



Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

## Leik

Dei vaksne skal sjå alle barna og være aktive for å få alle barn med i leik, bl.a. ved å sjølv vere med i leiken.
Leiken er ein arena kor barna lærer ferdighetar innan sosial og språkleg samhandling, og vi skal vere med å bidra til at alle barna opplever glede, humor, samhandling, deltaking og venskap gjennom leiken.

## Sosial kompetanse

Eit viktig arbeid innan sosial kompetanse er å skape gode relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksne. Ved å skape gode relasjonar motverkar ein mobbing, samtidig som vi sikrar at kvart barn har nokon som tykkjer om det. Vi vaksne skal hjelpe barna i å forstå sine eigne følelsar, og å setje seg inn i andre sine følelsar (empati).

## Språk

Eit godt utvikla språk er viktig for barna si utvikling, både sosialt og kognitivt. Med språket kan barna uttrykkje ynskjer og behov, fortelje om følelsane sine og løyse problem. Vi vaksne er forbilda for barna og må vere bevisste i vår bruk av språket. Vi skal lære dei omgrep, hjelpe dei å setje ord på følelsar, coache dei i kvardagssituasjonar og hjelpe dei å løyse problem m.m.

## Kosthold og helse

Under dette området famnar vi vidt.
Innanfor kosthald skal vi jobbe for gode matvanar. Barna skal lære om kva som er bra mat for kroppen, kva mat smaker og få vere med å lage mat. Barna skal også vite kvar maten kjem i frå, ved bl.a. å vere med å dyrke mat, smake på den, og sjå kretsløpet til maten.

Barna skal få fysiske utfordringar og være aktive i løpet av dagen. Turar i nærområdet er med på å utvikle fysiske ferdighetar hos barna med bl.a. moglegheit til å klatre i tre og andre aktivitetar som utfordrar barna fysisk.

Av planar arbeider barnehagen etter:

- Rammeplan
- Årsplan for 2018/2019
- Progresjonsplanar
- Pedagogiske planar for avdelingane
- Veke planar for avdelingane



E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

Solhaugen Barnehage

Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

# Prioriteringar dette barnehageåret med utgangspunkt i rammeplanen






## Barnehagens verdigrunnlag, formål og innhald

Referanse til rammeplanen. Kap. 1 og 3

**Målsettingar dette barnehageåret**

- Vi tilretteleggjar for barna si leik, trivsel, livsglede og meistring.
- Vi skal skape gode prosessar i arbeidet med danning, skape evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåte hos barn og vaksne.
- Vi arbeidar for å redusere mobbing
- Barna skal erfare syklusen til resirkulering og matens veg frå jord til bord

**Slik jobbar vi for å nå desse måla.**

- Vi tilretteleggjar for god leik ute og inne, og bruker aktivt vår leikekompetanse i samspel med barna
- Personalet er bevisst på barnegruppa og det enkelt barn sine samspel, interesser og ynskjer (medverknad) og tilretteleggjar ut i frå eit godt fysisk læringsmiljø og gode stabile rutinar. Justering av miljøet skjer fortløpande og etter behov.
- Vi jobbar med tiltak etter brukarundersøkinga i november 2018
- Vi reflektere over våre verdiar og handlingar for å beskrive barnehagen sitt grunnsyn
- Progresjons planer

E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

Solhaugen Barnehage

Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

## Medverknad og samarbeid
Referanse til rammeplanen kap. 4 og 5

## Målsettingar dette barnehageåret
- Styrke samarbeidet med heimen
- Skape felles forståing om medverknad og leggje til rette for medverknad i kvardagen
- Kvar dag skal det være rom til eigenstyrte aktivitetar
- Barna skal få delta i rutinesituasjonar som t.d. matlaging, brødbaking
- Oppmuntra barna aktivt til å utrykkje sine eigne tankar og meiningar ved samtalar og aktivitetar

**Slik jobbar vi for å nå desse måla:**
- Gjennom barneintervju med dei eldste barna.
- Gjennom å aktivt bruke barna sine refleksjonar, tankar, teikningar osv. frå kvardagen ilag med barna
- Gjennom observasjon og praksis forteljingar av dei minste barna.
- Dei vaksne skal vurdere 2 gonger i året korleis dei lar barn medverke i kvardagen.
- Ved oppstart av prosjekt/temaarbeide skal dei største barna få kome med forslag til korleis dei vil jobbe og kva dei vil fokusere på.
- Dei minste barna må observerast i forhold til korleis dei likar å være med i aktivitetane/tema.
- Utarbeide tiltak etter brukarundersøkinga i november 2018
- Samarbeidsutvalet fastset barnehagens årsplan og saker som er viktige for barnehagen si drift.
- Foreldresamtalar, både formelle og uformelle
- Startsamtalar før oppstart for nye barn
- Tidleg tilvenjing med invitasjon til besøk før oppstart
- Temakveld for foreldre i løpet av barnehageåret
- SU og FAU møter

## Overgangar
Referanse til rammeplanen kapittel 6

**Målsettingar dette barnehageåret**
- Vi tilretteleggjar for ein trygg og god tilvenjing ved oppstart i barnehagen, og ved bytte av avdelingar
- Vi gir barna som skal byrje på skulen gode erfaringar og kunnskap som gir motivasjon og eit godt grunnlag for å starte på skulen.

**Slik jobbar vi for å nå desse måla:**
- Ved oppstart får dei nye barna ein primærkontakt
- Ved overgang til ny avdeling besøker dei den nye avdelinga på våren før nytt barnehageår
- Samtalar mellom avdelingane ved overgang til ny avdeling
- Vi følgjer rutinar frå Lindås kommune for overgang barnehage-skule
- Vi har egent opplegg for førskulegruppa

E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

Solhaugen Barnehage

Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

Referanse til rammeplanen kap. 7



**Målsettingar dette barnehageåret:**

- Implementering av ny rammeplan
- Bruke progresjonsplan innan områda:
  - Sosial kompetanse
  - Språk
  - Kosthald og helse
- Utarbeide barnehagens pedagogiske grunnsyn
- Gjennomføre «Språkløypa» med språk og leseaktivitetar

**Slik jobbar me for å nå desse måla:**

- Kvar avdeling utarbeidar eit pedagogisk årshjul, ut i frå felles føringar i barnehagens årsplan og progresjonsplanar. Avdelingane lager igjen månads/uke planar og dagen blir planlagt ut frå dagens føresetnad.
- Månadlege personalmøta brukas til refleksjon og utvikling av ny kunnskap
- Det pedagogiske arbeidet utviklast og følgjast opp på ped.leiarmøta
- Ped.leiarane samarbeida
- Alle tilsette er med på arbeidet med refleksjon rundt ny rammeplan og Språkløypa
- Arbeidet innan fagområda presiserast i kvart månadsbrev/plan
- Progresjonsplana sendes til foreldra
- Ved alle arrangement skal avdelingane levere inn evalueringskryss av arrangementet innan ein veke etter arrangementet har vore
- Det fastsettast månadlege evalureingspunkt i avdelingas pedagogiske årshjul
- Dokumentasjon er synleg på avdelinga og Vigilo

E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

Solhaugen Barnehage

Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

## Barnehagens arbeidsmåtar og fagområda

Referanse til rammeplanen kap. 8 og 9

**Målsettingar dette barnehageåret:**

- Vi utarbeider progresjonsplanar for:
    - Sosial kompetanse
    - Språk (Kommunikasjon, språk og tekst)
    - Mat og helse (Kropp, rørsle, mat og helse)
- Barna opplever meistring, glede og motivasjon til å prøve nye ting
- Vårt samspel er prega av tryggleik, lydhøyrt, innleving og nærleik.
- Ivareta leikens eigenverd.
- Vi støtter barnas nysgjerrigheit, kreativitet og lærelyst
- Dei vaksne skal bli kjend med sitt nivå innan for digital kompetanse
- Barna skal få utforske, leike og lære gjennom digitale verktøy

**Slik jobbar vi for å nå desse måla:**

- Vi bruker progresjonsplanar i vår planlegging
- Alle får moglegheit til å førebu aktivitetar der dei bruker sin kunnskap, kreativitet og engasjement for å fremme læring
- Vi bruker Bravo og Dialogisk lesing
- Vi bruker DUÅ og Trygghetssirkelen (COS) bevisst blant personalet
- Vi gjennomgår punktet Språk og leseaktivitetar i Språkløypa (http://sprakloyper.uis.no/category.php?categoryID=17794)
- Vi deltek i nettverk med språkarbeidet som kommunen arrangerer
- Vi jobbar med refleksjonsspørsmål i rammeplan (UDIR).
- Vi har ekstra fokus på relasjonskompetanse
- Dei vaksne skal kartleggje sine ferdighetsnivå ut i frå UDIR sine nivåbeskrivelser innen IKT https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/digitale-ferdigheter/
- Barna får bruke fotoapparat



E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®

**Solhaugen Barnehage**

Tlf. 56 36 20 60
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

## Barnehagens tradisjonar/lokale kulturelle tilstellingar

| | | |
|---|---|---|
| **For barna** | Ved bursdagar | Barna får krone og blir feira på avdelinga |
| | September | Kampanje mot mobbing i veke 36 |
| | | Brannvernveka i veke 38 |
| | Oktober | Rein hand i veke 40 |
| | November | Juleaktivitetar |
| | Desember | Lysfest 3. des.<br>Nissefest 3. des.<br>Lucia 13 des.<br>Julebord 19. des. |
| | Februar | Karneval 6 februar |
| | Mars | Forut 12 mars<br>Barnehagedagen 12 mars |
| | April | Påskelunsj 9 april.<br>Jobber med trafikk når vi er på tur. |
| | Mai | Trafikkveka<br>veke 19<br>16. mai-tog til aldersheimen og pølsefest |
| | Juni | Avslutning for førskolebarna<br>Sommerfest 12. juni |

| | | |
|---|---|---|
| **For familien** | September | Foreldremøte 19 sept.<br>FAU-møte<br>SU-møte |
| | I løpet av høsten | Foreldrekaffi |
| | Oktober/november | Foreldresamtalar |
| | Desember | Lysfest 1. des<br>Luciakaffe på ettermiddagen |
| | Februar | |
| | Mars | Forut og Foreldrekaffi |
| | April/mai | Foreldresamtalar |
| | Mai | SU-møte godkjenning årsplan |
| | Juni | Sommerfest 12 juni |
| **Planleggingsdagar dette barnehageåret** | 13. og 14 august<br>9. november<br>1. februar<br>31. mai | Barnehagen er stengt |

E-post: post@solhaugenbhg.no
Hjemmeside: http://solhaugen.barnehage.no
Organisasjonsnr: 983 033 067 mva

Miljøfyrtårn®